

## **Etneelva vert stengd for fiske i 2014.**

**Det ekstraordinære årsmøtet i Etne Elveigarlag har vedteke at det ikkje skal opnast for fiske etter laks og sjøaure i Etneelva kommande sesong.**

Den viktigaste saka på møtet var valg av nytt styre og ymse utvalg som vart utsett på forrige møte.

Etter tilråding frå fagråd og styre , har eit samråystes årsmøte teke endeleg avgjer om ikkje å opna for fiske i 2014 .

Begrunnelsen for avgjera er den svært negative bestandsutviklinga for Etnelaksen gjennom fleire tiår.

Tilbakevandringa til dei vestnorske lakseelvane er halvert i løpet av dei siste 30 åra.

Også for Etneelva har pila peika klart nedover over lang tid, og fjarårets fangst vart berre vel halvparten av gjennomsnittet for dei siste 18 åra.

Dei årsklassane som no er ute på vandring i havet og som skal gi grunnlag for elgefisket i kommande sesongar er resultatet av historisk svært svake gytebestandanar både i 2009 og 2010 .

I tillegg til dette er mengda av lakselus i utvandringsruta for villsmolten framleis svært høg og fører til høg dødelighet. Sjøfasen er kritisk, og matsituasjonen i laksen sine oppvekstområde i havet er usikker. Det er soleis svært usikkert kor mykje laks som kjem tilbake til elva vår i åra som kjem.

Me har lokalt teke ansvar for forvaltninga av laksestamma i det nasjonale laksevassdraget. I ein situasjon med stor usikkerhet har me vald å vera føre var og vil bidra til å ta vare på Etnelaksen ved ikkje å opna for fiske. Elveigarlaget tok initiativet til at Etneelva var stengd for fiske også i 2010 og 2011.

Lokalt betyr salg av fiskekort og ringverknader for handel, servise og reiseliv fleire millionar kroner.

Situasjonen for mange av dei ville laksebestandane er kritisk og fleire er tapt. No krevest det at myndighetene tek i bruk dei virkemiddel dei allerede har gjennom gjeldande lovverk for straks å gjennomføra konkrete tiltak for å redusera mengden av lakselus og hindra røming frå oppdrettsanlegga. Utviklinga av resistent lakselus er no den klart største trusselen for villlaks og sjøaure langs store deler av norskekysten.

Kontaktperson :

Vidar Børretzen, leiar i Etne Elveigarlag , tlf. 97 98 83 54. epost: [vidar.borretzen@gmail.com](mailto:vidar.borretzen@gmail.com)